



## Innkalling for Radøy eldreråd

**Møtedato:** 05.03.2019  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 13.00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
001/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2019	Godkjenning av møtebok
003/2019	Meldingar og referatsaker
004/2019	Høyring - Bustader i Prestmarkvegen 3-5
005/2019	Høyring eldrerådet - detaljreguleringsplan - Manger sentrum aust - 1 gong høyring
006/2019	Høyring eldrerådet - forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom
007/2019	Orienteringssaker til eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

26. februar 2019

leiar

Anne Dahle Austrheim  
utvalssekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
001/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/454	19/2925

### Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste vert lagt fram til godkjenning.

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
002/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/454	19/2748

### Godkjenning av møtebok

#### Saksopplysingar:

Møtebok vert godkjend

#### Vedlegg:

Møtebok - eldrerådet 12\_nov 18

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
003/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/454	19/2880

### Meldingar og referatsaker

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Møtebok fylkeseldrerådet
- b. Orienteringar frå administrasjonen

#### Framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

#### Vedlegg:

Protokoll fylkeseldrerådet 17.01.19

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	19/481	19/2889

### Høyring - Bustader i Prestmarkvegen 3-5

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Bustadsosial handlingsplan vart vedteken i Radøy kommunestyre i juni 2018. I handlingsplanen er det lagt opp til at bustadane i Prestmarkvegen 3- 5 skal rehabiliterast.

#### Vurdering

Bustadane har vore gjennomgått med sikte på rehabilitering. Resultatet er at dei var i såpass dårleg forfatning at dei blir tilrådd å rivast. Det har vore ønskje om å få fleire bustader inn på same tomten, Ulike alternativ har vore drøfta saman med arkitekt som har fått oppgåva med å utforme nye bustader. Etter fleire rundar og fleire alternativ, ligg det no føre eit endeleg forslag til utforming av 5 bustader på ekisterande tomt. Det er teke omsyn til dei krav som er nødvendige for at dette skal være gode bustader der nødvendige krav og behov er ivaretatt.

I bustadsosial handlingsplan er det venta at bustadane skal stå ferdige til 01.01.2020. Det kan halda hardt, men anbodprosessen vil starta så snart saka er ferdighandsama i hovudutvalet. Dei som bur i bustadane pr. i dag har fått informasjon om prosessen, og dei som treng det vil få hjelp til å skaffa seg ny bustad i rive/byggetida.

Folkehelse; Ein god bustad er ein grunnpilar for å få mykje anna til å fungere. Nye bustader vil ha gode kvalitetar og sikra eit grunnleggjande behov for mange anddre ting i livet.

Miljø: Alle miljøkrav for bygging er ivaretatt.

Økonomi: Det er avsett 12 mill i økonomiplanen i 2019 til riving og bygging av nye bustader

**Konklusjon:**

Teikningar/saka om riving + bygging av nye bustader i Prestmarkvegen 3-5 vert lagt ut til Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne til høring.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne sluttar seg til saka slik den ligg føre.

**Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 45111 Manger - riving og nybygg - Søknad om rammeløyve

A-1 Søknad om tiltak med sign

B-1 Dispensasjon

C-1 Komplette nabovarsel

D-1 Situasjonsplan

D-2 Eksisterande situasjonsplan

E-1 Plan 1- etasje

E-2 Snitt A-A, B-B

E3-4 fasader

E5-6 Perspektiv

E-7 Eksisterende Plan 1

F-1 Følgeskriv

G-1 Gjennomføringsplan-1

G-2 Erklæring om ansvarsrett

I-1 Førehandskonferanse

Q-1 Bilder eksisterende bygg

Byggesak Gbnr 45111 Manger - riving og nybygg - søknad om dispensasjon

Byggesak Gbnr 451111 Manger - riving og nybygg - Oversender søknad til uttale

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
005/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/476	19/2909

### Høyring eldrerådet - detaljreguleringsplan - Manger sentrum aust - 1 gong høyring

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Grunnlaget for ny planlegging av Manger sentrum følgjer av vedteken planstrategi for 2016-2020. Det er mellom anna behov for ny brannstasjon i området, og eit forstudie konkluderte med at plassering av denne kan løysast aust i Manger sentrum.

Detaljplan for Manger aust vil gjenoppretta avkøyrslar frå fylkesveg som ved ein feil vart regulert vekk i gjeldande reguleringsplan. Samstundes vil planen sikra tilkomst til framtidig brannstasjon, utviding av NGIR sin eksisterande avfallstasjon, tilretteleggja for utviding av barnehage og samla eksisterande eldre reguleringsplanar til ein samla plan i tråd med gjeldande plan- og bygningslov.

Radøy kommune er tiltakshavar for detaljplanen. Kommunen er også ein av grunneigarane i området. Ny sentrumsplan for Manger er prioritert i den vedteke planstrategien, men sidan området omkring barnehage, ny brannstasjon og miljøstasjon treng avklaring vart det vedteke å starta med ein detaljplan for austre del av sentrum.

Plankonsulent for detaljplanen er Multiconsult Norge AS avd. Stord.

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtok Hovudutvalet for plan, landbruk og teknisk 13. februar 2019 å leggja detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust til 1. gongs høyring og ettersyn.

#### Hovudutval for plan, landbruk og teknisk - 009/2019

##### PLT - vedtak:

Planframlegg datert 24.01.2019 og 25.01.2019 for detaljreguleringsplan PlanID 12602018000300 Manger sentrum aust vert lagt ut til offentleg høyring og ettersyn i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 12-10 og § 12-11.

Plandokumenta finst på kommunen si heimeside under [Høyringar og kunngjeringar](#), og til gjennomsyn på rådhuset på Manger. Merknader til planforslag må vera framsett skriftleg innan 2/4 – 2019.



**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting og vedtak i eldrerådet.

**Vedlegg:**

Hovudutvalet 13\_februar\_detaljreguleringsplan - Manger sentrum)

Manger sentrum planomtale-24.01.2019

PLANKART 10204419-plan-teg-001\_plankart\_24.01.2019\_ny

foresegner-24.01.2019

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
006/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/484	19/2912

### Høyring eldrerådet - forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Ny kommunelov vart vedteke i Stortinget 11.juni 2018. Her er det fastsett at kommunar og fylkeskommunar skal oppretta eldreråd (ER), råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og ungdomsråd (UR) eller anna organ for medverknad for ungdom. Plikt til å oppretta eldrerådet og RMNF er flytta frå særlov til ny kommunelov, i tillegg er det lovfesta å oppretta ungdomsråd.

Departementet skal som følgje av ny kommunelov gje forskrift om oppgåver, organisering og sakshandsaming for råda. Dei ynskjer at reglane skal vera mest mogleg lik for dei tre råda.

Det er framlegg til forskrift som er på høyring, ikkje kommuneloven.

#### Forskrift

Formål: leggja til rette for ein open, brei og tilgjengeleg medverknad frå eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom i saker som gjeld dei.

Oppgåver: Det går fram av kommunelova at råda er rådgjevande organ for kommunen. Framlegg i forskrifta er då at råda ikkje kan få delegert mynde. Dei skal koma med uttale i saker som gjeld eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom og dei kan og ta opp saker på eige initiativ. Fokus vil vera på saker på overordna nivå, mellom anna budsjett og kommuneplanar.

Samansetting: Det er kommunestyret som vel råda. Organisasjonar for eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom skal ha rett til å koma med framlegg om medlemmar til råda. Råda vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Ny kommunelov vert gjeldande i 2019. Forskrifta vert gjeldande i samband med det konstituerande møtet etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram til drøfting og uttale.

**Vedlegg:**

høyringsnotat\_om\_medvirkning (1)

Høyring\_Pensjonistforbundet

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
007/2019	Radøy eldreråd	PS	05.03.2019
	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	19/482	19/2816

### Orienteringssaker til eldreråd/råd for menneske med nedsett funksjonsevne

#### Saksopplysingar:

##### 1. Velferdsteknologi:

I 2018 underteikna Radøy kommune avtale med Atea, som leverandør av velferdsteknologi. Det var same avtale som Lindås kommune alt hadde, og som Radøy og Meland fekk knytta seg på. Det var planen at utplassering av utstyr i heimane skulle ta til i haust, men grunna ein del uforutsette tekniske problem, bl.a. batterikapasitet, vart det ikkje gjennomført. Arbeidet med utplassering kom i gang tidleg i 2019, men heller ikkje nå utan ein del tekniske utfordringar. Arbeidet har av tekniske grunnar, ikkje hatt den framdrift som ønska og planlagt, men ein del trygghetsalarmar er på plass. Det har vore mykje dialog mellom kommunen og leverandøren, og vi håpar at det er ei snarleg og god løysing på plass som gjer at arbeidet kan ferdigstillast. Til no er det trygghetsalarmar som er plassert ut. Etter kvart tenkjer ein at også andre tekniske løysingar, som fallsensor, dørsensor o.s.v. skal koma ut til dei som er vurdert å ha behov for og nytte av slike hjelpemiddel.

##### 2) Informasjon om Florence – tilbodet på Velferdssenteret

Dei tilsette ved Velferdssenteret har sett eit særleg behov for å styrka lindrande omsorgstilbodet. Det har dei gjort ved å setja av 3 rom til dette særlege formålet. Romma har blitt fint oppussa og tilrettelagt på ein god måte for å gje eit best mogeleg opphald. Dei tilsette har hospitert på Sunniva Hospice på Haraldsplass og kvalifisert seg ekstra i smertelindring for å gje det beste omsorgstilbodet i særleg krevande sjukdomsperiodar. Målet er å kunne gje fleire som treng det eit så godt tilbod lokalt, at ein kan få mist mogeleg lange reiser. Tilbodet vil bli offisielt opna 13 mars- samstundes som ein markerer drift på Velferdssenteret i 10 år.

### **3)DIGI Helse**

Digi Helse er ikkje heilt nytt lengre, men vil koma i bruk for fleire og på fleire måtar i tida som kjem. Digi Helse er eit digitaliseringsprosjekt som vil gjere kommunikasjonen mellom innbyggjarane og helsetenestene betre. På helsenorge.no fins det allereide mange tenester for innbyggjarane (kjernejournal, bytte fastlege og mykje meir). Melding og kalender gjer nettstaden endå meir attraktivt. Ved å innføre melding og kalender vil fleire innbyggjarar som er digitalt aktive i kommunen, auka. Eit helsenorge.no som tilbyr ulik informasjon, skal gje innbyggjarane eit godt tilbod og ei god oversikt over eiga helseteneste. Til slutt kan all digital kommunikasjon med helsevesenet skje fra same stad, og innbyggjarne får ei samlet oversikt over kontakten med helsevesenet.

Når ny løysing vert teke i bruk kan innbyggerne:

sende og motta meldingar fra helse- og omsorgstjenestene i kommunen

sjå avtalar om heimesøk og avbestille besøk

få varsler om utførte heimebesøk på tekstmelding eller e-post

<https://www.ks.no/fagomrader/digitalisering/felleslosninger/meldinger-og-kalender-pa-helsenorge.no-digihelse/om-losningen/>

Planarbeid for å starte denne delen av DIGI Helse er i gang, men løysingane vil truleg ikkje bli iverksette før tidlegast hausten 2019.

### **4)Stortingsmelding 15 – Leve hele livet**

Stortingsmeldinga kom i haust og har undertittel – ei kvalitetsreform for eldre. Temaene er vel kjente og har dei måla vi kjenner og arbeider etter; bidra til at eldre skal meistre livet lengre og ha trygghet for å få god hjelp når det blir behov for det.

I Stortingsmeldinga er det m.a. lagt vekt på at det skal stimulerast til etablering av lavterskel psykisk helsetilbod for eldre og på heilhetleg godt kosthald for eldre i sjukeheim og heimeteneste.

Ansvar for oppfølging av kvalitetsreforma er lagt til kommunane, og dette er eit 5 årig prosjekt ( 2019-2023). Fylkesmannen og KS har fått i oppdrag å opprette nettverk for å hjelpe og stimulere kommunane i arbeidet med å auka kvaliteten i eldreomsorga.

Mykje av det som blir beskive i stortingsmeldinga kjenner vi igjen som tiltak som alt er i verk og fungerer godt i vår kommune. Andre ting kan vi setja oss mål om å bli endå betre på. Det systematiske arbeidet nå vidare, vil vere beskrive kva utfordringar vi har og kva prioriteringar vi vil gjere. Dette samsvarar i stor grad med det som vart gjort i arbeidet med Helse og omsorgsplan i 2018.

Det vil bli oppretta ei ressursgruppe i Alver regi, som skal arbeida vidare med det samla utfordringsbilete i stortingsmelding 15.

### **1. Nytt tilbod i Radøy : Ergoterapeut**

I Helse og omsorgsplanen som vart vedteken i juni 2018, var eit av tiltaka å få opprette stilling som ergoterapeut. Det såg først ut som det ikkje var rom for det, men kommunestyret vedtok i sitt budsjettmøte å setja av ein sum, kr. 300.000,- i 2019 til å oppretta stillinga. Stillinga er no lyst ut som 100% stilling frå 1.8.2019. Stillinga vil bli fast og halde til saman med fysioterapitenesta på Helsehuset. Ergoterapeut vil bli lovpålagt oppgåve frå 01.01.2020.

### **2. Oppfølging av bustadsosial handlingsplan**

I bustadsosial handlingsplan er det lagt opp til at bustader bak Velferdssenteret i Prestmarkvegen 3-5 skal rehabiliterast og stå ferdige innan 01.01.2020. Dette arbeidet er godt i gang. Teikningar til det nye bustader vert lagt ut på høring og skal deretter til behandling i i hovudvalet. Dei gamle bustadane som står der i dag skal rivast, og det vert 5 nye bustader ( mot i dag 4) Anbodsprosess og rive/byggetid vil gjere at nye bustader truleg ikkje vil stå ferdige før etter årsskiftet. Dei som bur i bustadane i dag er informerte om prosessen, og vil få hjelp til å skaffa seg mellombels husvære i rive/byggetida.

I bustadsosial handlingsplan står det vidare: Nybygg 4-5 bustader for unge med utviklingshemming. Dette arbeidet er også igangsett, med dialog og samtalar på fleire alternative løysingar. Dersom arbeidet som er starta lukkast, kan det vere mogeleg å få gode resultat som ikkje vil ta for lang tid.

Når det gjeld siste punktet : Setje av og tilretteleggja tomt til 4-5 private bueiningar til utbygging for personar med utviklingshemming, så er den saka ikkje starta.

### **3. Organisering av Helse og omsorg i Alver**

Det går føre seg eit omfattande organiseringsarbeid i samanslåing til Alver kommune. Svært mange av dei tilsette er involverte i ulike arbeids-og prosjektgrupper, noko som både er viktig og nyttig for at vi saman skal byggja ein ny god kommune. Dette fører også til at noko arbeid som elles ville blitt prioritert, må stå på vent og utsetjast i tid.

Det er ein stor prosess, og det vil ta tid å landa alle dei ulike element som må til for at alt skal fungere saman. Nokre av einingsleiarane i dag vil framleis ha dei same leiarfunksjonane som dei har i dag, også i nye Alver kommune, medan nokre får andre stillingar og oppgåver. Framleis er det ein god del som er uavklart.

Så langt vi kjenner prosessane nå , vil tenestene innanfor helse og omsorg ut til innbyggane i stor grad bli som i dag.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne tek informasjonen til orientering**